

ASTRID KROG HALSE

Segna om Sigrid

Etter ei gamal segn frå Resdala i Meldal.

Vakerast vekja i Vålåsgarda,
det va' ho Sigrid, sa all ihop.
Og det kom friara heilt frå dala,
om lang og kronglin va' vegjen opp.


Ho Sigrid, stakkar, ho fekk itt véle,
om ho vesst godt konn ho villa hå.
Den staute guten frå Rotåsgjerde'
han villa itt far henna' våttå tå.

Han Tore Seteren vart festarmannen,
Han ått' ein gard som va' gild og stor,
og han va' rikast og nerast' grannin.
Han festa Sigrid eingong han før.

Og så kom dagen ho sat på bura
og venta på å få krona på.
Ho va' så strålandes vaker brura,
men va' så bleik, det va' nifs å sjå. —

«Før kvelden kjem ska' dokk sjå meg bleikar» —
Så stillt rann tårun på bruralin.
Og mange mintes dei orda seinar,
og kor sårt ho gret over lagnaden sin.

Så rei dei ut ifrå Vålåsgarda,
ho Sigrid føst på så kvit ein hest.
Og sola skein over heile ferda.
Det brann i sølvet på blodraud vest.



Vålåsgarden

Foto: Kåre Halse

Da fylgjet kom frampå Krokbekestoin,
vikt Sigrid hesten utfor ei ur.
Og der fann Sigrid og hesten døin.
— Nei, alder såg du så bleik ei brur —

Men guten stod attmed ferdavegjen.
Han såg ho Sigrid — ho før iveg.
Han tok tå krona og bruraringen
og ga ho ein krans tå forglemmegei.

«Nei, ingen veit korles dagen ende» —
For alle vart det så trist eit lag.
Og klokkun' ringte, og klokkun' ringte,
og elvasøgen han song om Sigrid
— han song om Sigrid den dag i dag. —

Segna segjer, det finst eit hjarte,
i hardast stein' er det skore ut.
Og sida heiter det Sigrid-fallet
der brureferda så brått vart slut. —